

## Saksprotokoll i Partssamansett utval - 11.06.2019

Jenny Følling (SP) sette på vegner av SP, A, KrF, H, AKAD, LO.K, YS og UNIO fram slikt tilleggforslag:

I permisjonsreglementet § 19 vert punkt 1 og punkt 2 i teksten endra slik:

### § 19 Offentlege verv

Aml. § 12-13 regulerer arbeidstakar sin rett til permisjon frå arbeid i det omfang det er nødvendig for å oppfylle lovbestemt møteplikt i offentlege organ.

Med «offentlege verv» er å forstå ombod som er oppretta ved lov eller med heimel i lov, og som ein ikkje kan nekte å ta i mot med mindre det ligg føre særlege fritaksgrunnar (t.d. medlem av kommunale og fylkeskommunale politiske organ, rettsvitne, domsmann, lagrettemann m.m.).

1. Arbeidstakar som vert vald til stortingsrepresentant, ordførar eller anna offentlig tillitsverv på heiltid, får permisjon utan løn for valperioden. For offentlig tillitsvald på deltid vert det gjeve permisjon med høvesvis redusert løn.
2. For å utføre offentlege tillitsverv som ikkje går inn under punkt 1, vert det gjeve permisjon. Arbeidstakar vil få utbetalt løn for arbeidstida, og arbeidsgjevar vil krevje refusjon frå den instans som vervet utøvast hjå.

### Røysting

Jenny Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Prosjektlearar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Partssamansett utval stiller seg bak prosjektlearar sitt forslag til permisjonsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

### § 19 Offentlege verv

Aml. § 12-13 regulerer arbeidstakar sin rett til permisjon frå arbeid i det omfang det er nødvendig for å oppfylle lovbestemt møteplikt i offentlege organ.

Med «offentlege verv» er å forstå ombod som er oppretta ved lov eller med heimel i lov, og som ein ikkje kan nekte å ta i mot med mindre det ligg føre særlege fritaksgrunnar (t.d. medlem av kommunale og fylkeskommunale politiske organ, rettsvitne, domsmann, lagrettemann m.m.).

1. Arbeidstakar som vert vald til stortingsrepresentant, ordførar eller anna offentlig tillitsverv på heiltid, får permisjon utan løn for valperioden. For offentlig tillitsvald på deltid vert det gjeve permisjon med høvesvis redusert løn.
2. For å utføre offentlege tillitsverv som ikkje går inn under punkt 1, vert det gjeve permisjon. Arbeidstakar vil få utbetalt løn for arbeidstida, og arbeidsgjevar vil krevje refusjon frå den instans som vervet utøvast hjå.